



Jørgen Martin Herland  
Litlåsvegen 21  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/964 - 21/17785

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
16.03.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsama søknaden - gbnr 126/39 Hope

**Tiltak:** Kai ved eksisterande naust  
**Byggjestad:** Gbnr: 126/39  
**Tiltakshavar:** Jørgen Martin Herland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.02.2021.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsel.  
Naboeigedomane gbnr 126/25 og gbnr 126/27 må varslast. Liste over heimelshavar følgjer vedlagt.
2. Erklæring om ansvar for ansvarleg søkjar.  
Etablering av kai er eit tiltak som krev bruk av ansvarlege føretak. Dette gjeld også funksjonen som ansvarleg søkjar. Det må sendast inn erklæring om ansvar for rolla som ansvarleg søkjar.
3. Gjennomføringsplan.  
Det må sendast inn gjennomføringsplan for tiltaket.
4. Utgreiing om gjennomføring av tiltaket.  
Søknaden vart send på høyring til regionale styresmakter i brev datert 05.03.2021. Statsforvaltaren i Vestland har kome med uttale i saka der dei rår frå å gje dispensasjon, sjå vedlegg. Statsforvaltaren skriv også at søknaden ikkje er godt nok opplyst til dei kan vurdera tiltaket i forhold til verneforskrifta for den marine verneplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Vi ber om at du gjer greie for dei forhold Statsforvaltaren tek opp som kva djupnekote tiltaket vil liggja på, fundamentering, kva tid arbeidet skal gjennomførast og om det skal utførast boring og/eller sprenging.

Vi tilrår elles at du ved innsending av tilleggsdokumentasjon også vurderer om tiltaket kan reduserast i storleik.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.05.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

liste over grunneigarar

Uttale - Alver -gbnr 126/39 - Hope - kai ved eksisterande naust - dispensasjon

### **Mottakarar:**

Jørgen Martin Herland

Litlåsvegen 21

5955

LINDÅS